

Forum Nye Bergensbanen (FNB) er ein interesseorganisasjon stifta i 1993 med formål å arbeide for modernisering av Bergensbanen og at det skal ta 4 timar mellom Bergen og Oslo med toget. Medlemmene i forumet er dei 14 kommunane og dei 2 fylkes- kommunane langs banen.

Pressemelding frå Forum Nye Bergensbanen

NASJONAL TANSPORTPLAN 2022–2033

Nasjonal transportplan 2022–2033 vart lagt fram 19. mars 2021. Nasjonal transportplan (NTP) presenterer regjeringa sin transportpolitikk for dei neste 12 åra. Planen blir handsama i Stortinget juni 2021.

Forum Nye Bergensbanen fekk tidlegare lekkasjar frå NTP og begge våre to store prosjekt Ringeriksbanen og ny bane mellom Bergen og Voss er med.

Når heile NTP vart lagt fram i dag med St.meld 20 (2020-2021) Nasjonal transportplan 2022–2033 har me fylgjande kommentarar:

1. I NTP 2022–2033 er det endeleg ei storsatsing på Bergensbanen! Når desse tiltaka vert realisert vil reisetida Oslo – Bergen nærma seg 4 timar.
2. Det er svært positivt at Regjeringa tek grep for å sikre realiseringa av Fellesprosjektet Ringeriksbanen og E16 (FRE16). FNB vil her presisere at det er avgjerande at det før sommaren 2021 er utforma ei eigen avtale med Nye Veier, som sikrar nødvendig prioritet av prosjektet, som ein del av selskapets portefølje.

Det må og avtalefestast tidspunkt for byggestart av FRE16. Forum Nye Bergensbanen vil arbeide aktivt for oppstart av prosjektet i 2021/ 2022.

3. Det er gledeleg at K5, ny veg og bane mellom Bergen og Voss er med i fyrste planperiode av NTP. Med midlane som er inne ligg det ann til oppstart som planlagt i 2024.

Det ligg i fyrste periode inne 6, 6 mrd fordelt på 2, 3 på bane og 4,3 på veg. I andre periode ligg det inne 10 mrd på bane og 7 mrd på veg. Veg skal også ta inn noko i tillegg i bompengar.

Styreleiar i FNB og ordførar på Voss, Hans Erik Ringkjøb er nøgd med at regjeringa prioritetar liv og helse og at regjeringa så tydeleg legg opp til at veg og bane skal byggjast som eit fellesprosjekt som sikrar traseen mot ras.

Nestleiar i FNB og varaordførar på Ringerike Dag Henaug er nøgd med at regjeringa ser ut til å ha funne ei løysing som gjer at det ferdig planlagde fellesprosjektet Ringeriksbanen og E16, kan få oppstart i 2021/22. Kommunen Ringerike og næringslivet i regionen har rigga seg for vekst, og Ringeriksbanen er svært viktig for å lukkast med arbeide og investeringar som er lagt ned.

Ny jernbanetrasé mellom Bergen og Voss vil gje ytterlegare 30 minuttar i reisetidsreduksjon. Ringeriksbanen vil redusere reisetida for Bergensbanen med omlag 1 time.

4 timar mellom Bergen og Oslo med tog er mogeleg!

For ytterlegare kommentar, kontakt:

Hans Erik Ringkjøb, styreleiar og ordførar på Voss	m. 97138720	hans.erik.ringkjob@voss.herad.no
Dag Henaug, nestleiar og varaordførar i Ringerike	m. 97537306	dag.erik.henaug@ringerike.kommune.no
Hilde Magnusson, dagleg leiar i FNB	m. 41566450	hilde.marie.magnusson@vlfk.no